




# HAREID ROTARY KLUBB

Distrikt 2305  
Klubbnr. RK 12713



Månedsbrev for desember 2014.

Årgang 50

---

Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00  
Møtestad: Klubbhuset til Hareid  
IL, 6060 Hareid.  
President: Øystein Alme  
Visepres: Bernhard Harkjerr  
Sekretær: Arne G. Aschehoug  
Kasserar: Johs. J. Hareide  
Past pres: Karin S. Holstad  
Styremedlem: Eileen B. Hareide  
Styremedlem: Sverre J. Ulstein  
Ansv.red.: Aagot Riise  
Referent: Arne Gunnar Aschehoug  
m.fl.

## Fødselsdager i desember:

Øystein Alme	14. desember
Bjørn Teigene	19. desember
Harald Teigene	21. desember
Ainar Arne Riise	27. desember

---

**Deilig er jorden.**

**Tider skal komme**

**tider skal henrulle**

**Slekt skal følge slekters gang**

**aldri forstummer**

**tonen fra himlen**

**i sjelenes glade pilgrimssang**

---

## Møte 2.12.14.

Dette møtet var via besøk frå guvernøren i distriktet vårt, Knut Kvalviknes.

Før møtet hadde styret og kommiteleiarane hatt eit 1,5 timars langt møte med guvernøren der fru Rosa også deltok.

President Øystein ønskte velkomen med spesiell helsing til Knut og Rosa.

Han oreinterte vidare om besøk og helsing til Arne Lillebø i samband med Arne var 60 år .....

Deretter sang vi «*Jeg har båret lerkens vinge*».

Møtet fortsette med musikalsk innslag av Odd Goksøyr som song og spelte gitar.

Han framførte tre eigenproduserte viser:

Rekved

Kråketing

Alderdomssong

Det var ei fin oppleving.

Etter at alle hadde fått lasta opp fat og kopp med blautkake/marsipankake og kaffi, var det klart for guvernøren sin tale.

Han kom med godord om Hareid Rotaryklubb som ein veldreven klubb der han ikkje hadde klart å avsløre manglar og probem av betydning.

Knut fortalde først om bakgrunnen sin.

Han er utdanna på universitetsnivå som marinbiolog, ferdig i 1972.

I arbeidslivet har han vore 17 år i NIVA, 2 år i FAO i Indonesia, sekretær i «Vannrressursutvalget» (Miljøverndepartementet) og avslutta si arbeidskarriere som miljøvernleiar i Fræna kommune.

Han er no pensjonist.

Det guvernøren la fram som den viktigaste utfordringa for Rotary - som er den 5-te største organisasjonen i verda - er det minkande medlemstalet med ein aukande gjennomsnittsalder.

Det viktigaste verkemiddelet for å motverke dette er å gjere Rotary og det arbeidet klubben gjer kjent i lokalsamfunnet. Rotarystien er eit lysande eksempel på eit prosjekt som set Hareid Rotary på kartet og gjer Rotary interessant for potensielle medlemmar. Omtale i lokalavisene kan ikkje undervurderast. Vidare er eit godt og interessant innhaldet i møta viktig for å halde på medlemmar.

Noko av det viktigaste Rotary driv med er det internasjonale arbeidet med utveksling av kunnskap om forskjellige land og kulturar. Dette er i det lange perspektiv eit fredsfremmande arbeid som Rotary må halde høgt. Og det viktigaste bidraget er ikkje pengane som vi brukar, men den personleg innsatsen og engasjementet som kvart medlem yter og gjev av seg sjølv.

Å besøke andre Rotaryklubbar når du er ute og reiser, er på ferie og lignende, er nyttig og gjev stort utbytte både for deg sjølv og den du besøker.

Polio pluss er det største og viktigaste internasjonale prosjektet Rotary er engasjert i. 99% av jobben er saman med andre organisasjonar er gjort, men den eine prosenten som står att er kjempeviktig og vil kankje koste like mykje som det som hittil er gjort. Vi må halde oppe trykket på dette engasjementetv sjølv om det til dels er vanskeleg forhold i vaksinasjonsarbeidet.

Ebola-epidemien i enkelte deler av Afrika har skapt betydeleg problem rundt internasjonalt arbeid der, og «Voldaprojektet» i Sierra Leone som Hareid Rotaryklubb støttar (skule/utdanning), har fått merke det sterkt. Sjølv om Rotary ikkje er ein hjelpeorganisasjon ved katastrofer og liknande, er den naudhjelpa som er sendt knytta til dette prosjektet, hjelp til sjølvhjelp for å berge og kunne vidareføre det opphavelige prosjektet. Det er viktig å følgje opp dette.

Knut gav til slutt uttrykk for eit vellukka besøk i Hareid Rotaryklubb.

Øystein takka Knut for ein interessant tale og eit gjevande besøk.

Etter talen munna møtet ut med kaffidrikking og prat og avslutningsord frå presidenten med ønske om vel heim for både medlemmer og gjestar.

## Møte 8.12.14.

Bedriftbesøk hjå Grim og Gryt/økologisk bryggeri/partnera Andreas Grimstad og Øivind Gryt Grimstad. Grunnleggar og grunder Ø. Gryt foredrog for oss om fordelane med økoproduksjon medan vi fekk smaksprøver av alle kornprodukta som dei hadde tilgjengelig. Smakane kunne minne om alt frå honning til kaffe.

Vi fekk og en smaksprøve av humle, som er den andre viktige ingrediens som skal til for å brygge øl. Tredje ingrediens er godt, friskt vatn.

Han fortalde om interessa frå vener/bygdefolk og andre som viste interesse for å investere i bedrifta. Innkomne midlar var ca. 1.5 mill. noko som ville finansiere oppstart av bedrifta.

Bedrifta har fått lovnader frå matkjedene i regionen om "hylleplass" når produksjonen kjem i gang.





## Møte 15.12.14. Julemøte.

lutefiskmiddag og sang/Det lyser i stille grender.

Møte opna ved presidenten som kalla fram seremonimeister Johan Ole Brandal for å forestå opptak av nytt medlem. Vegard Gjerde fekk tildelt det tradisjonelle Rotaryhulet.



*Fra venstre: President Øystein Alme, fadder Jørn Gjerde, Vegard Gjerde, seremonimeister Johan Ole Brandal.*

Deretter vart ordet gitt til presten vår Ruth Eva Sollie som delte sine tankar om adventtida med oss:  
Å vente, kven ventar, kva ventar vi på var temaet

Så middag tillaga av dei faste kokkane, som alltid med godt resultat.

Takk til dei !

Til sist oppstilling for fotografering av alle frammøtte for arkivet.

Dette var siste møte i 2014.

GOD JUL

